



Arkivsaknr: 2025/1670-20
Sakshandsamar: Trude Bruket
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Spelemidler kulturbygg og -arenaer 2025 - prioritering

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner følgende prioritering av innkomne søknader om spelemidler til kulturbygg og -arenaer:

1. Holsnøy kystlag – Oppsetjing av grindverk for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann på Husebø (søknadsnummer 169494)
2. Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)
3. Alver kommune – Ombygging for å romme fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)
4. Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)

Prioriteringslista vert oversendt til Vestland fylkeskommune, som skal handsama søknadane.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Saka gjeld

Alver kommune skal prioritera søknader om spelemidler til kulturbygg og -arenaer frå aktørar i Alver. Kommunen skal ikkje dela ut midlar frå ordninga. Kommunen si rolle er å ta i mot søknadane som kjem inn i kommunen og sikra at dei fyller dei formelle krava før dei vert overført til Vestland fylkeskommune, som skal handsama søknadane.

Tilskot til kulturbygg i Vestland er ei ordning der frivillige lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen kan søka om tilskot til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for

kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst og etablering av livssynsnytrale seremonirom.¹

Ligg det føre fleire søknadar frå ein kommune skal kommunen gjera ei politisk vedteken prioritering mellom søknadane.

Alver kulturråd er høyringspart i saka, og har gitt uttale som støttar innstillinga i saka. Uttalen er vedlagt.

Kommunen skal overføre søknadane til fylkeskommunen innan fristen 30.04.2025. Det er avklara at det politiske vedtaket vert ettersendt.

Saksopplysningar

Tilskotsordninga for kulturbygg er finansiert av overskot frå statlege spel, kalla spelemidlar. Den årlege tildelinga av spelemidlar til kulturbygg vert vedteke ved kongeleg resolusjon, fordelt av Kultur- og likestillingsdepartementet og forvalta av fylkeskommunen.

Tilskot kan utgjera inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. Minste tilskotssum er 100 000 kr (eller 50 000 kr til tiltak som gjev universell utforming).

Eit lokalt kulturbygg kan maksimalt få tildelt 1,5 million kroner innanfor ein 20-årsperiode.

Vilkår for tilskot frå ordninga er at lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd, og at ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Alver kommune har motteke fem søknader gjennom søknadsportalen anleggsregisteret.no²:

1. Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)
2. Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)
3. Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)
4. Holsnøy kystlag – Oppsetjing av grindverk for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann på Husebø (søknadsnummer 169494)
5. Nordanger grendahus – oppgradering av elektrisk anlegg (søknadsnummer 169626)

Nordanger grendahus har meldt at dei trekkjer søknaden då tiltaket ikkje var innafor retningslinene for tilskotsordninga.

Alver kommune skal prioritera dei fire andre søknadane før desse vert oversendt til fylket.

¹ <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturbygg/>

² <https://anleggsregisteret.no/>

Vurderingsgrunnlag – kort informasjon om søknadane

Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)

Frekhaug bibliotek (del av Alver bibliotek) vert etablert i nye, ombygde lokale på gateplan i kommunehuset, med front ut mot Frekhaug senter. Prosjektet er ei omfattande oppgradering og ombygging, med mål om å skape ein moderne og fleksibel kulturarena og lokal møteplass for born, ungdom, vaksne og eldre i lokalsamfunnet. Det vert høve til å gjennomføra opne arrangement i regi av både biblioteket sjølv og andre aktørar frå frivilligheita. Biblioteket skal vera meirope.

Søknadsberettiga kostnader, budsjett: kr. 6 028 110,-

Søknadssum: kr. 1 500 000,-

Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)

Kring halvdelen av det sentralt plasserte kommunehuset på Manger skal ombyggast og ominnreiast til eit kulturbygg med mange kulturfunksjonar og eit breitt kulturtilbod. Lokala skal husa eit nytt, moderne bibliotek, kulturskule og spesialbygde fleirbrukslokale for musikkframføringar, og -øving, oppgradert kultur- og kinosal med amfi, frivilligsentral med tilgang til lokale for frivilligheita og utstyrssentral med utlån som skal stimulera til aktivitet og friluftsliv (BUA). Det vert høve til å gjennomføra opne arrangement i fleire av lokala i regi av både dei kommunale tenestene i huset og andre aktørar frå frivilligheita. Biblioteket skal vera meirope.

Søknadsberettiga kostnader, budsjett: kr. 12 234 603,-

Søknadssum: kr. 1 500 000,-

Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)

Oppussing, ombygging og modernisering av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus for å gjera lokala meir moderne og eigna til barne- og ungdomsarbeid. Betra innemiljøet ved å installera ventilasjonsaggegat i rom med dårleg luft.

Søknadsberettiga kostnader, budsjett: kr. 1 226 726,-

Søknadssum: kr. 300 000,-

Holsnøy kystlag – Grindverk (søknadsnummer 169494)

Oppsetjing av grindverk på tomte ved Nordavinden på Husebø (eigd av Husebøkrinsen bygdelag) for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann, som per i dag ligg på lager i Nordheimsund.

Vurdering

Vurderinga av kva tiltak som skal prioriterast først og sist er bygd på følgande planverk og retningslinjer:

- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Kultur som drivkraft³
- Anleggsstrategi Alver kommune, vedlegg til kommunedelplanen (vedlagt)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034⁴
- Retningslinjer – tilskot for kulturbygg, Vestland fylkeskommune (vedlagt)

Anleggsstrategien til kommunen, som er eit vedlegg til kulturplanen, omtalar mellom anna prinsipp for fordeling av spelemidlar til idretts-, nærmiljø-, friluftsliv- og kulturanlegg. Den seier at «*private anlegg skal prioriterast framfor offentlege anlegg (...).*» Dette gjeld så lenge ikkje kommunale anlegg er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men har fått avslag grunna manglande rammer.

Alle dei fire søknadane er nye til fristen 30.04.2025. Dette betyr at dei to organisasjonseigde arenaane vert prioritert øvst og kommunen sine eigne anlegg vert prioritert sist.

Prinsippet om å prioritera private anlegg framfor kommunale er bygd på at det er avgrensa midlar i tilskotsordningane for idrettsanlegg, kulturbygg og friluftslivsanlegg. Erfaring tilseier at søknader som vert godkjente av fylket vert liggjande i kø på grunn av at det ikkje er nok midlar å dela ut til alle tiltaka som er vurderte som stønadsberettiga. Sidan søknadssummane frå dei to offentlege arenaane er høge ville ei omvendt prioritering kunna ført til at dei private gjerne må venta tre til fire år på tildeling, dersom dei vert godkjente av fylket. På den andre sida vil ikkje dei kommunale anlegga måtta venta så lenge, sidan søknadssummane frå dei private er relativt avgrensa.

Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug

Nytt bibliotek på Frekhaug er prioritert i kommunedelplanen for kultur, og økonomiplanen 2025-2028.

Ombygginga av biblioteket på Frekhaug er mindre omfattande og har færre funksjonar enn kulturbygget på Manger. Søknaden bør difor prioriterast som nummer 4.

Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus

Ombygging av sentrale bygningsdelar av Manger kommunehus til kulturbygg er prioritert i kommunedelplanen for kultur, og økonomiplanen 2025-2028.

Ombygginga skal gje plass til, og samla, fleire kulturfunksjonar som i dag er spreidd; bibliotek, musikkrom, kultursal, frivilligsentral m.m. Tiltaket er det største av dei fire søknadane. Søknaden bør difor prioriterast som nummer 3.

Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus

Lokala i bedehuset vil ikkje vera reine kulturlokale, men ha kulturaktivitetar og aktivitetar for barn som ein viktig del av innhaldet. Bedehuset ligg sentralt plassert i lokalsenteret

³ <https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/54592e76-8133-4ddd-82bc-6b81ccd7a34a.pdf>

⁴ <https://www.alver.kommune.no/artikkel/kommuneplanen-sin-samfunnsdel>

Frekhaug, som har avgrensa tilgang til slike lokale. Frekhaug indremisjon skriv at huset hovudsakleg vert brukt til eigen aktivitet, men at dei trur at lokala vil vert meir attraktive for andre som vil leige der etter oppgraderinga. Huset vert tilgjengeleg for lukka arrangement, som konfirmasjonar og så vidare, i tillegg til opne arrangement.

Kulturplanen beskriv at mange har god nytte av eit rikt kulturliv i trus- og livssynssamfunna, gjennom mellom anna arrangement. Vidare står det at kommunen støttar utviklinga av lokale som vert nytta til opne aktivitetar.

Lokala er ikkje øymerka reine kulturføremål. Søknaden bør difor prioriterast som nummer 2.

Holsnøy kystlag – Grindverk

Grindverket vil leggja til rette for formidling av kulturarv på ein stad som er knytt opp til båten Blåmann sin historikk. Å leggja til rette for formidling av kulturarv er eit mål i kulturplanen. Planen slår og fast at frivilligheita er sentrale for å ta vare på, og formidla kunnskap om kulturarv.

Bygget er øymerka eit reint kulturføremål. Søknaden bør difor prioriterast som nummer 1.

Kommunedirektøren si tilråding

Etter ei samla vurdering bør søknadane til tilskotsordninga for kulturbygg frå Alver prioriterast i denne rekkefølga:

1. Holsnøy kystlag – Oppsetjing av grindverk for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann på Husebø (søknadsnummer 169494)
2. Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)
3. Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)
4. Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)

Vedlegg

- 1 reviderte-etningslinjer-tilskot-til-kulturbygg-i-vestland-revidert-2024
- 2 Anleggsstrategi_Alver kommune_2024
- 3 Uttale kulturbygg frå Alver kulturråd